

Fitjar Mekaniske Verkstad har leigd delar av Eidsvik ut året, men det kan bli meir enn byggjing av 2 katamaranar for havbruksnæringa. Det kjem an på kor mykje FMV maktar å selja. Grunnen til satsinga i Uskedalen er at det er fullt på Fitjar, Havbruk er ei vekstnæring no og det kan godt vera at dei vert lenger i Uskedalen, seier prosjektleiar Åsmund Sørfonn i Fitjarverftet.

Den båten som 14 polske stålarbeidarar no held på med og som skal heita Rubin vert 22 meter lang og jobben på Eidsvik skal vere fullført om 12-15 veker. Farksten vert byggt heilt frå botn og verftet får stålplatane ferdig kutta. Båten skal målast og delvis utrustast i Uskedalen, Dei siste 20-30 prosent vert truleg gjort på Fitjar.

Teikningane vert laga i samarbeid med Heimly Skipsdesign, opplyser Grenda.

Det er Sveioreiarlaget Stava sjø som har kome med oppdraget og båten skal nyttast i næringa i Rogaland,

Svein Arne Eidsvik strekar under at det konkurransramma verftet har meir ledig produksjonsareal.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen